

**26 innflyttarar på eitt år**

25.09.2012

**I siste halvår av 2011 og første halvår av 2012 flytta det inn 416 personar i Kvinnherad og 26 av desse slo seg ned i Uskedalen. 12 av dei siste kom frå utlandet. Det opplyser næringsrådgjevar Karin Thauland til uskedalen.no i samband med tilflyttarsamlinga som skal avviklast i kommunestyresalen 2.oktober.I fjor kom det 70 til den tilsvarande samlinga medan det førebels har meldt seg 40 til årets samling. Men innmeldingsfristen går ikkje ut før 28.sepember (fradag)**

Ein uskedeling står pålista over dei som skal orientera på samlingen og det er Elin Enes som naturleg nok orienterar om Elins Matgleder sentralt i bygda. Anne Kari Enes tek for seg turtilbodet i kommunen. Eit høgdepunkt også i år blir tildelinga av to prisar på 10 000 kroner - frå kommunen og Noreg.

Ordførar Synnøve Solbakken er naturleg nok på plass og ynskjer velkome. Det er kommunen og Kvinnherad Næringssservice som står bak arrangementet, som også har eit betydeleg kulturinnslag, mellom anna frå kulturskulen.

Av Ola Matti Mathisen